

Innspel til Energikommisjonen frå foreininga for falleigarar i verna vassdrag.

3. Potensialet for samfunnsøkonomisk lønnsam kraftproduksjon.

I mandatet til energikommisjonen står det at «verneplan for vassdrag skal legges til grunn for kommisjonens arbeid.» Vi ynskjer difor å peika på det ogso i dei verna vassdraga er mogeleg å nytta noko av ressursane til kraftproduksjon, og at det er opna for det i vernevedtaka. Dette kan gjelda for perifere sidevassdrag i verneplan III og generelt ved at Stortinget har opna for konsesjonshandsaming av prosjekt med inntil 1 MV installert effekt. Det er ogso mogeleg å realisera prosjekt som ikkje utløyser konsesjonsplikt.

Verneplan III

I Verneplan III, St.prp.nr 89 (1984-85) under kap.**3.2. Verneplanens rettslige og faktiske konsekvenser** (side 46), **3.2.2. Verneobjektens geografiske omfang**, er det opna for at hovedregelen om at heile nedbørsfeltet er omfatta av vernevedtaket, må kunna fråvikast i enkelte særlege tilfelle. *«Den geografiske avgrensingen av verneobjektene fremgår av kartvedlegget til verneplanen. Utgangspunktet er at hele vassdragets nedbørsfelt omfattes av vernevedtaket dersom ikke annet fremgår av Stortingets vedtak. Dette ble fastslått i verneplan II. Til grunn for en slik avgrensing ligger at det knytter seg vesentlige interesser til det å bevare vassdraget uberørt, i første rekke som referansevassdrag. Olje- og energidepartementet legger denne hovedregel til grunn også for de vassdrag som foreslås vernet i medhold av verneplan III. Departementet finner imidlertid at denne regelen må kunne fravikes i enkelte særlige tilfelle. Dette kan gjelde for sidevassdrag som blir regnet som en perifer del av hovedvassdraget og der en utbygging kan skje uten vesentlige skadevirkninger for så vel de generelle som de spesielle verdiene. Dette kan bare skje dersom det klart blir fastslått at det aktuelle sidevassdrag ikke har noen betydning for den verdi vassdraget som helhet har som verneobjekt.»*

Før ei utbygging kan konsesjonshandsamast, må det avklarast at det aktuelle sidevassdraget fell inn under denne unntaksregelen og med det ikkje er omfatta av vernevedtaket.

Vi ber difor om at Energikommisjonen tek initiativ til å få utgreia korleis ei slik avklaring best kan skje, slik at fallrettseigar/utbyggjar i slike tilfelle kan få ei objektiv vurdering i tråd med intensjonen nedfelt i verneplanen.

1 MV anlegg

Stortinget har vedteke at det kan søkjast om konsesjon for prosjekt med inntil 1 MV installert effekt i verna vassdrag. Ei grense på 1 MV er kunstig og gjev i mange høve ikkje dei mest miljøvennlege utbyggingane. Den tek m.a. ikkje omsyn til at vassdraga/sidevassdraga våre er svært ulike, både med omsyn til vassføring og fallhøgde. Slik grensesetjing fører i mange høve til for dårleg ressursutnytting, utan at det av den grunn vert oppnådd nokon miljøgevinst. Den gjev gjerne for dårleg prosjektøkonomi til at miljøvennleg teknologi, eksempelvis profilboring, kan takast i

bruk. Hovudfokus ved utbyggingar i verna vassdrag bør vera omsynet til verne- og miljøverdiane. Med aukande energiprisar kan det verta meir aktuelt med denne type utbyggingar.

Vi oppmodar Energikommisjonen til å sjå på om 1 MV regelen bør moderniserast. med tanke på å få eit regelverk som legg til rette for meir miljøvenlege utbyggingar og betre ressursforvaltning i kvart einskild vassdrag.

Vi står i dag overfor store og krevande utfordringar, både nasjonalt som globalt, med tanke på klima, miljø og energiforsyning/omlegging til fornybart. Utfordringane har ikkje vorte mindre i etterkant av at Energikommisjonen fekk sitt mandat. Vi ser det derfor som viktig at energiressursane ogso i dei verna vassdraga vert forvalta framtidsretta, der utbyggingar kan realiserast.

Vi står gjerne til teneste med underlag og rapportar som har blitt laga for vassdrag som er aktuelle for punkta nemnt ovanfor.

Foreininga for falleligarar i verna vassdrag

Formann

Johs.E.Kulild